

Referat frå møte om sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus Fredag 26. aug. 2011 Kl. 09.00 i Vindafjordhallen.

Desse møtte:

Arne Bergsvåg, ordførar i Vindafjord kommune

Ottar Skjold, Ottar Skjold maskin A/S

Alf Ragnar Sørensen, AF Decom Miljøstasjon på Raunes

Olav Nygård, Hatteland group

Olav Magne Nesheim, Sakarias Nesheim A/S

Jon Olav Velde, Vats Grendautval

Underteikna ynskta dei frammøtte velkommen og orienterte om bakgrunnen for dette møtet: Det var 11 firma/bedrifter som var inviterte. Fleire hadde ikkje høve til å møta.

Grendautvalet har fleire gonger teke opp dette med trafiksikring langs ulike vegstrekningar i Vats.

Det er sendt særutskrifter frå styremøte til både kommunen og til Statens vegvesen der grendautvalet har peika på den stadig aukande trafikken på bl.a. vegen frå Knapphus til Kårhus. Jfr. særutskrift frå styremøte 13 01 11.

Ordførar Arne Bergsvåg tok kontakt med understeikna som leiar i grendautvalet, og oppfordra grendautvalet til å kalla saman lokale firma/bedrifter i Vats til å vera med på eit spleiselag saman med Vindafjord kommune om å få dekkja utgiftene til eit konsulentfirma som kan laga ein **reguleringsplan for sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus.**

Ordføraren orienterte om korleis me kunne få fortgang i få realisert sykkel- og gangsti på den sterkt trafikkerte Rv 46 frå Knapphus til Kårhus.

Før noko kunne gjerast, måtte det lagast ein reguleringsplan for dette området.

”Ingen penger,ingen plan – ingen plan ingen penger til praktisk arbeid” sa ordføraren. Dersom me får ein reguleringsplan ferdig, så kan Statens vegvesen/kommunen setja i gong arbeidet med sykkel- og gangsti svært raskt dersom det skulle dukka opp ”overskotspenger” frå eit prosjekt. Slike situasjonar dukkar opp av og til, men då må det føreliggja slike planar klare for at arbeidet kan setjast i gong. Difor **må** ein få laga reguleringsplan fortast mogleg.

Det var positiv innstilling frå dei frammøtte om å vera med på slikt spleiselag. Men dei måtte sjølvstøtt drøfta dette med leiinga i sine firma/bedrifter før dei kunne lova pengestønad.

Ordføraren vil svært gjerne hjelpa til med å få gjera avtale med eit konsulentfirma, men han måtte få skriftleg melding frå grendautvalet om det var vilje til å få til eit slikt samarbeid. Kostnaden for å laga ein slik reguleringsplan kjem på omlag 250 000 kr.

Konklusjon: a. Jon Olav lagar til eit skriv som blir sendt til ulike firma/bedrifter i Vats for å høyra om dei vil vera med på slikt spleiselag saman med Vindafjord kommune og om kor mykje penger dei kan vera med å sponsa.

b. Etter at Jon Olav har fått svar/respons frå dei ulike firma/bedrifter, så sender han ein eigen søknad til Vindafjord kommune om å gå vidare med denne saka.

Øvre Vats 28. aug. 2011

Jon Olav Velde
- leiar i Vats grendautval-